

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 12.01.2024
SAKSHANDSAMAR: Arve Varden, Øystein Helleseth og Asle Kjølraug
SAKA GJELD: **Rapportering frå verksemda per desember 2023**
ARKIVSAK: 2023/944

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
25.01.2024

STYRESAK:
004/2024


FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per desember 2023 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Avslutning av rekneskapen for desember og 2023 er under arbeid, og er ikkje klart på noverande tidspunkt. Administrerende direktør vil gi ei orientering om tala slik dei ligg føre, i styremøtet 25. januar. Endeleg årsrekneskap vil bli handsama i styremøte den 6. mars. Førebels status er at resultatet blir betre enn budsjett i desember, og samla sett vil resultat for Helse Førde truleg vere under 30 millionar bak budsjett. Administrerende direktør vurderer at sjølve drifta og styringsfarten er uforandra, men resultatet er påverka av ein del årsoppgjersposterar.

Aktiviteten gjennom desember var vesentleg lågare enn budsjettert. Det var nedgang både i øyeblikkeleg hjelp og elektiv aktivitet i perioden samanlikna med fjoråret. Ekstraordinære tiltak for å redusere ventelister var også gjennomført i desember. På årsbasis har vi avslutta 2 prosent fleire pasientforløp enn i fjor, på same tid har totalkøa auka med 2 prosent på grunn av at vi har fått fleire tilvisingar enn vi har avslutta. Administrerende direktør er godt nøgd med at ventelisteøkøa er redusert med 13 prosent samanlikna med i fjor, men ventelista er fortsett for lang.



Innan fag viser tilgjengelegheitsindikatorane framleis den ønska trenden med relativt gode resultat innan ventetid og betring knytt til fristbrot i somatikken, når vi tar i betraktning juleferien i slutten av desember. Det er ei viss auke i ventetid for ventande i forhold til november (76 mot 73 dagar), men for dei første tre vekene i desember er tala like. Det er også ein mindre påvirkning av juleferien i år (3 dagar lengre ventetid) enn tidlegare år (8-9 dagar lengre ventetid). Samalikna med desember i fjor er det nedgang i ventetid for ventande (76 mot 80 dagar). Målet i årets styringsdokument er dermed oppnådd for ventetid i somatikken.

Innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er det også auke i ventetid for ventande frå november til desember, mest uttalt innan PBU, noko som også i stor grad nok er relatert til juleferien. Alle områda i psykisk helsevern og TSB har høgare ventetid for ventande samanlikna med same tid i fjor, og målet i årets styringsdokument er dermed ikkje oppnådd.

Samla sjukefråvær i november var 8,6 prosent, ein auke frå oktober på 1,3 prosentpoeng. Det er stor variasjon innan klinikkane og avdelingane, nokre med stort fråvær og andre som held eit lågare og meir «normalt» fråvær. Førebels tal for desember syner eit sjukefråvær på 8,3 prosent, noko som gjer at gjennomsnittleg fråvær er 7,6


prosent. Dette er omlag på same nivå som 2022, men i 2019 var fråværet 6,4 prosent. Samanlikna med dei andre føretaka i Helse Vest er administrerande direktør nøgd med nivået. Gjennomsnitt for Helse Vest samla sett er 8,6 prosent.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:


- Somatikk: 76 dagar ved utgangen av desember (73 i november). 80 i desember i fjor. Altså – 4 frå i fjor.
- PHV-V: 35 dagar ved utgangen av desember (23 i november). 30 i desember i fjor. Altså + 5 frå i fjor.
- PBU: 42 dagar ved utgangen av desember (30 i november). 40 i desember i fjor. Altså + 2 frå i fjor.
- TSB (rus): 21 dagar ved utgangen av desember (9 i november). 18 i desember i fjor. Altså + 3 frå i fjor.



Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i desember var:

- Somatikk: 81 hittil i år (84 dagar i desember) – måltal er 50. 77 hittil i fjor. Altså + 4 frå i fjor.
- PHV-V: 31 hittil i år (24 dagar i desember) – måltal er 40. 33 hittil i fjor. Altså - 2 frå i fjor.
- PBU: 54 hittil i år (51 dagar i desember) – måltal er 35. 50 hittil i fjor. Altså + 4 frå i fjor.
- TSB (rus): 21 hittil i år (10 dagar i desember) – måltal er 30. 25 hittil i fjor. Altså - 4 frå i fjor.




Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 180 fristbrot på behandla pasientar i desember, svarande til 9,9 prosent av behandla i desember (13,3 prosent i november). Gjennomsnitt for Helse Vest er 7,7 prosent.
- Førebels registrert 168 nye fristbot i desember, svarande til 5,8 prosent av alle med frist i desember (8,2 prosent i november).



Andel ikkje møtt

Høgare enn normalt med 2,5 prosent (3,1 prosent i november). Historisk ligg andel ikkje møtt i Helse Førde på 1,7 prosent. Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,7 prosent.



Epikrisetider (oktober-tal)

Innan ein dag (mål 70 prosent)

- Somatikk 81 prosent denne månad og hittil i år 77 prosent (74 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 54 prosent denne månad og hittil i år 47 prosent (34 prosent i heile 2022).
- TSB/Rus 83 prosent denne månad og hittil i år 68 prosent (65 prosent i heile 2022).

Innan sju dagar (mål 100 prosent):


- Somatikk 94 prosent denne månad og hittil i år 92 prosent (91 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 98 prosent denne månad og hittil i år 89 prosent (85 prosent i heile 2022).
- TSB/Rus 89 prosent denne månad og hittil i år 93 prosent (90 prosent i heile 2022).

Korridorpasientar

35 korridorpasientar, svarande til 0,5 prosent av innlagde (0,4 prosent førre månad). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,4 prosent.


Utskrivingsklare pasientar

5 døgn i desember, svarande til 0,1 prosent av alle liggedøgn (0,2 prosent i heile 2022). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,9 prosent.



Stryking av planlagde operasjonar

17 strokne operasjonar i desember, svarande til 4,4 prosent av alle operasjonar. Gjennomsnitt for Helse Vest er 8,8 prosent.



AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 617	1 776	-159	1 727	-110	20 834	21 214	-380	20 138	696
DRG-poeng poliklinikk, A	410	423	-13	415	-5	5 475	5 354	121	5 262	213
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	96	145	-50	57	39	1 906	2 186	-281	1 892	14
DRG-poeng tilhøyrande andre regionar, (B)	37	57	-20	54	-17	694	749	-55	767	-73
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 160	2 402	-242	2 254	-93	28 908	29 504	-595	28 058	850
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	105	133	-28	177	-72	1 385	1 665	-280	1 428	-43
Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)	2 228	2 478	-250	2 377	-148	29 600	30 420	-820	28 720	880
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 174	1 208	-34	1 143	31	15 043	14 963	80	14 552	491
Tal sjukehusopphald	1 370	1 535	-165	1 459	-89	17 127	18 312	-1 185	17 347	-220
Tal polikliniske konsultasjonar	9 397	9 657	-260	9 272	125	124 979	122 670	2 309	119 914	5 065

DRG indeks	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
Dag/døgn	0,636	0,647	-0,012	0,664	-0,028	0,648	0,638	0,010	0,631	0,016
Polikliinkk	0,044	0,044	-0,000	0,045	-0,001	0,044	0,044	0,000	0,044	-0,000


Perioden

Samla DRG-produksjon i somatikken var lågare enn budsjettert (-242 poeng) i perioden, noko som var 4,1 prosent lågare enn fjoråret (-93 poeng). Aktiviteten i perioden er 3,7 prosent under budsjett målt i samla tal behandlingar, men 0,6 prosent høgare enn tilsvarende periode i fjor.

Til no i år

DRG-produksjonen hittil i år er 595 poeng lågare enn budsjettert, noko som utgjør eit avvik mot budsjett på 1,8 prosent. Aktiviteten er like fullt høgare enn i fjor med eit positivt avvik på 3,5 prosent (+850 poeng). Målt i tal behandla eller undersøkte pasientar er aktiviteten noko høgare enn budsjett (+0,8 prosent), og samla høgare enn tilsvarende periode i fjor (+3,5 prosent).

Beleggsprosent



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
DRG poeng	343	349	-6	357	-14	4 889	4 706	183	4 604	285
Tal heildøgnsopphald	1 405	1 568	-163	1 541	-136	17 180	18 795	-1 615	18 176	-996
Tal utskrivne pasientar	60	84	-24	63	-3	862	1 051	-189	927	-65
Polikliniske kons. m/refusjon	1 675	1 830	-155	1 974	-299	24 459	24 699	-240	25 498	-1 039
Rus										
DRG poeng	32	40	-8	39	-7	458	486	-28	449	9
Tal heildøgnsopphald	760	621	139	761	-1	7 443	7 570	-127	6 602	841
Tal utskrivne pasientar	23	20	3	28	-5	257	260	-3	226	31
Polikliniske kons. m/refusjon	129	209	-80	218	-89	1 963	2 510	-547	2 528	-565
Psykisk helsevern barn og unge										
DRG poeng	375	429	-54	357	18	5 277	6 041	-764	5 186	91
Tal heildøgnsopphald UPH	77	96	-19	75	2	1 054	1 300	-246	1 254	-200
Tal utskrivne pasientar UPH	5	7	-2	7	-2	95	110	-15	123	-28
Polikliniske kons. m/refusjon	1 082	1 429	-347	1 273	-191	15 424	20 100	-4 676	18 553	-3 129

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore noko lågare enn plan for perioden. Akkumulert har vi litt lågare aktivitet enn i fjor.

Innan TSB er aktiviteten litt lågare enn plan for perioden. Akkumulert har vi høgare aktivitet enn i fjor.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore lågare enn plan og i fjor.

Beleggsprosent



ØKONOMI

Arbeidet med avslutning av rekneskapen for desember og årsrekneskapen for 2023 er ikkje ferdig. Administrerende direktør vil i styremøtet orientere om førebelse tal. Frist for stenging av rekneskapen for 2023 er 7. februar 2024. Revisor har frist med sitt arbeid til 8. mars. Dette kan skape utfordringar med omsyn til styremøtet 6. mars. Dersom vi får problem med å levere sak til styremøte i mars, vil ein måtte vurdere eit ekstra styremøte i etterkant av møtet 6. mars.

Likviditet

Ved utgangen av desember hadde Helse Førde ein negativ saldo på konto med -354 millionar kroner. Skattetrekksmidlar vert haldne utanfor i summeringa, og det var ved utgangen av månaden sett av 81 millionar kroner til skattetrekk.


Helse Førde har ei disponibel trekkramme på driftskreditten på 666,5 millionar kroner. Driftskredittramma skal i hovudsak dekke pensjonsforpliktingar. Helse Førde vil vere avhengig av kassekreditten framover for å ha disponibel likviditet.

MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær

Sjukefråværsprosent

År ● 2019 ● 2022 ● 2023




År	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
2023	7,6	7,4	7,5	7,4	6,4	6,6	7,6	6,4	7,7	7,3	8,6	8,3
2022	7,7	10,4	9,6	7,3	7,0	7,2	8,3	6,1	6,1	6,8	6,5	7,9
2019	6,8	7,5	7,2	5,6	6,0	6,9	6,0	6,0	6,1	6,0	6,7	6,5

Samla sjukefråvær for Helse Førde i november var 8,6 prosent, ein auke frå førre månad. Auken var størst knytt til korttidsfråvær. Førebelse tal for desember syner eit samla sjukefråvær på 8,3 prosent.

Sjukefråværsprosent kort og lang tid


● Kort tid prosent ● Lang tid prosent



Bemanning

Tal Medarbeidarar

År ● 2019 ● 2022 ● 2023



Brutto Månadsverk

År ● 2019 ● 2022 ● 2023

